
Vår referanse 2020/50159-5
Dato 25.05.2020

Ingemar Røyraane
Ølvesvegen 210
5635 HATLESTRAND

Førehandstilsagn for utvida bruk/flytting av avkøyrse til 21/1 - Kvinnherad kommune

Vi viser til søknad av 06.05.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi førehandstilsagn til endra bruk og flytting av avkøyrse frå fv. 575 til eigedommen gnr. 21 bnr. 1 i Kvinnherad kommune. Avkøyrse skal flyttast frå S2D1 m4730 til S2D1 m4702

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Avkøyrsla skal utformast og plasserast i tråd med vedlagde reviderte situasjonsplan, datert 22.05.2020.
2. Løyvet gjeld flytting og utvida bruk av avkøyrse til bubilparkering på gnr. 21 bnr. 1 i Kvinnherad kommune. Den utvida bruken kjem i tillegg til tilkomst til gardsbruket.
3. Eksisterande avkøyrse ved S2D1 m4730 skal fysisk stengjast når ny avkøyrse er etablert.
4. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentlig veg.
5. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrse, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
6. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrse* underskrivast og sendast i retur. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir set i gang.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrse har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrse* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløype. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Det vert søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsel til ny bubilparkering på gnr, 21 bnr. 1. Tiltaket er i tråd med kommuneplanens arealdel.

Fartsnivået på staden er målt til 60 km/t, årsdøgntrafikken er 500 køyretøy.

Eksisterande avkøyrsel manglar tilfredsstillande sikt, og det er på grunn av terreng og driftsbygning vanskeleg å oppnå god utforming.

Ved ny plassering oppnår ein sikt i tråd med vegnormalen og tilfredsstillande utforming. Det vert difor gjeve løyve til flytting og utvida bruk av avkøyrsel.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune Vestland fylkeskommune, Postboks 7900 5020 Bergen, eller post@vlfk.no.

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)

Situasjonsplan

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsl

Med helsing

Bjørn Skorpa Eikeland
Avd. ingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Situasjonsplan 220520
- 2 Melding om ferdig opparbeidd avkøyrsel

Kopi til:
KVINNHERRAD KOMMUNE Rosendalsvegen 10